



DET KONGELEGE
KULTURDEPARTEMENT

Opera Nordfjord
Postboks 289
6771 NORDFJORDEID

Dykkar ref

Vår ref
17/1617-10

Dato
9. januar 2018

Statstilskot for 2018 - tilskotsbrev

1. Tildeling av statstilskot for 2018

Vi viser til budsjettsøknad for 2018.

Kulturredpartementet tildeler med dette Opera Nordfjord eit driftstilskot for 2018 på kr 4 775 000. Tilskotet er løyvd under kap. 323, post 73, jf. [Prop. 1 S \(2017–2018\)](#) og [Innst. 14 S \(2017–2018\)](#).

Stortinget har sett som vilkår for statstilskotet at det ordinære offentlege driftstilskotet vert fordelt mellom dei offentlege tilskotspartane med 30 pst. frå regionen og 70 pst. frå staten.

Statstilskotet vert utbetalt kvart halvår til konto nr. 3790 07 14875. Det skal avleggjast rapport, jf. pkt. 4 nedanfor.

2. Føremål

Vi føreset at tilskotet vert disponert i samsvar med dei føremåla som er oppgjevne i søknaden for 2018, og at Opera Nordfjord utformar tenlege system for oppfølging av eiga måloppnåing.

3. Føresetnader for statstilskotet

Opera Nordfjord må følgja opp dei føresetnadene og krava til økonomiforvaltning og rapportering som følgjer av dette brevet og i dei vedlagde *Retningslinjer for økonomiforvaltning og kontroll for tilskuddsmottakere som får tildelt driftstilskudd fra Kulturredpartementet i 2018*.

Opera Nordfjord skal målretta verksemda og utvikla styringssystem som sikrar høg kvalitet og god ressursutnytting. Det er ein føresetnad at mottakarar av tilskot frå

Postadresse
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo
postmottak@kud.dep.no

Kontoradresse
Grubbegata 1
www.kud.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org no.
972 417 866

Avdeling
Kunst- og
museumsavdelinga

Saksbehandlar
Ingvild Ranum
22 24 80 82

Kulturdepartementet har system for å vareta tryggleik og beredskap, og følgjer gjeldande reglar og retningslinjer.

Alle tilskotsmottakarar skal utnytte det potensialet dei har for eigeninntekter. Departementet legg til grunn at den einskilde institusjonen har planar for å utvikla dei ulike inntektskjeldene sine med sikte på å auke eigeninntektene, irekna billettinntekter, andre aktivitetar og tiltak som gjev inntekter, og gåver og sponsorinntekter.

Det er ein føresetnad for det tildelte tilskotet at alle som har følgjeprov for funksjonshemma, og som kjøper billett til ordinær pris til eit arrangement, får gratis billett for følgjepersonen. Eventuelt kan ein ha rabattordningar som gjer at billettprisane for den funksjonshemma og følgjepersonen samla ikkje overstig prisen for ein ordinær billett.

Institusjonar som får årleg driftstilskot frå Kulturdepartementet, skal som hovudregel ikkje innvilgast tilskot frå Norsk kulturfond. Unntak kan vurderast mellom anna for å fremja samarbeidet mellom institusjonane og det frie feltet.

Kulturdepartementet legg til grunn at Opera Nordfjord arbeider for å hindra trakassering og anna utilbørleg åtferd, i tråd med krava i arbeidsmiljøloven. Institusjonen skal ha rutinar og system for intern varsling om kritikkverdige tilhøve, i samsvar med arbeidsmiljøloven § 2 A-3.

4. Rapportering

Opera Nordfjord må utarbeida rapport om aktiviteten i 2018. Årsrapport skal leverast i webskjema for budsjettsøknaden for 2020. Rapporten skal mellom anna innehalda revidert rekneskap for 2018 og omtale av resultat i samsvar med dei føremåla som er omtalte i søknaden for 2018, og andre krav og føresetnader trekte opp i tilskotsbrevet. Departementet vil koma attende til krav til rapporten i eige rundskriv om budsjettsøknader for 2020.

Følgjande dokument for 2018 skal sendast departementet så snart dei ligg føre og seinast innan 1. mars 2019:

- revidert rekneskap med balanse og notar
- revisjonsmelding
- årsmeldinga frå styret

Dokumenta skal underteiknast og sendast på e-post til postmottak@kud.dep.no.

5. Fristar i 2018

Frist for levering av budsjettframlegg for 2019 og rapport for 2017 i webskjema for budsjettsøknaden for 2019 er 1. mars 2018.

6. Annan informasjon

Gåveforsterkingsordninga var i 2017 i hovudsak finansiert over statsbudsjettet, men frå 2018 vert ordninga finansiert av spelemidlane. Det er lagt til grunn at tildelinga skal aukast til om lag 70 mill. kroner i 2018. Pengegåver frå stiftingar og private gjevarar til kunst- og kulturinstitusjonar utløyser eit statleg tilskot på 25 pst. av gåvebeløpet, såframt retningslinjene for ordninga er innfridde.

Retningslinjer og søknadsskjema er å finna på heimesidene til departementet: www.regjeringa.no/kud.

Med helsing

Bernt Martin Schjerven (e.f.)
fung. avdelingsdirektør

Ingvild Ranum
rådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrive signaturar

Kopi
Eid kommune
Sogn og Fjordane fylkeskommune

Vedlegg
Retningslinjer for økonomiforvaltning og kontroll for tilskuddsmottakere som får tildelt driftstilskudd fra Kulturdepartementet i 2018